

SAMAN FOR AFRIKA:
Ny tur og ny pengegave til Kenya og Tanzania står for døra. Kyrkja på bildet er brukt som innsamlingsbøsse. Fv. Kirsten Markhus Underland, Helge Underland, Annemor Røssland og Ingunn Karlsen.



Gratisreise til Afrika har gitt resultat i form av omfattende hjelpeprosjekt blant fattige i Kenya og Tanzania.

Raus gåve gir frukter

Kvinnheringen har tidlegare skrive om Annemor Røssland på Husnes som i 2007 spanderte tur til Kenya og Tanzania på nesten 40 tanteborn. Bakgrunnen var hennar eiga reise året før, saman med broren Johannes Markhus, dottera hans, Kirsten Markhus Underland, og mannen hennar, Helge Underland. Reisa vart arrangert av Norsk Luthersk Misjonssamband (NLM) og gruppa vart vist rundt i miljøa rundt misjonsstasjonane.

– Vi fekk augo opp for resultatet av god hjelp frå NLM og det enorme behovet for meir hjelp. Eg bestemte meg for å visa dette til tanteborna mine. Sjelvsagt hadde eg ein draum om at nokre av dei skulle bli kveikte til å trø til i hjelpearbeidet, forklarar Annemor Røssland om kvifor ho opna lomdeboka.

Draumen i oppfylling

Med Kirsten Markhus og Helge Underland i bresjen er det blitt fart i sakene, og draumen til

Annemor er gått i oppfylling. Kirsten og Helge står bak ei rekke lokale hjelpeprosjekt som store delar av slekta og mange andre på ulike måtar har støtta opp om, i hovudsak gjennom innsamling av pengar, andre gaver og utstyr. Ein eigen organisasjon er stifta, Hjelp til selvhjelp i Afrika. Ikkje få kroner er komme inn på kontoen og gjort det mogleg å realisera prosjekta.

– Vi begynte forsiktig, men ettersom prosjekta vart fleire og mange ønskte å støtta oss, fann vi det rett å oppretta ein organisasjon, m.a. for at givarane og andre skulle kjenna seg trygge for at alt gjekk rett føre seg, fortel Kirsten og Helge.

Kirsten er til dagleg revisor i skatteetaten, medan Helge er VVS-sivilingeniør. Paret er busett i Ski.

Biogass og gris

Det heile begynte med eit forsøk på å få bukt med sløsinga av dyrebart vatn på Kiabakari misjonsskule i Mara i Tanzania.

Det enda med renovring av grisehuset, kjøp av fleire grisar og bygging av biogassanlegg som forsyner skulen med kjærkomen gass til koking. Grisedrifta gir matauk og inntekter til skulen, medan grisemøka går rett i ein tank, der den vert gjort om til biogass. Vassløgninga er det slutt på, men Underland er ikkje i hamn med gjenbruk av vatnet.

– Vi har konsentrert oss om gris og biogass, medan dei sjølve er begynt å jobba med mogleg gjenbruk av vatn, seier Helge.

Prosjektet i Mara er ikkje det einaste i sitt slag. Ekteparet Underland, saman med Johannes Markhus, er i full sving med to tilsvarende prosjekt i Kenya.

– Hjelp til selvhjelp er blitt ein arbeidstitel for oss. Vi hjelper dei til å utnytta eksisterande ressursar gjennom tiltak som varer.

Safari

I tillegg til grisedrift og biogass har ekteparet Underland, med medhjelparar, òg gitt fødselshjelp

til ein del andre prosjekt, mellom anna innkjøp av store mengder heimefletta korgar av lokal produsent og kjøp av sisaltau hos ein kar som driv med det. Det mest spesielle er å hjelpa sjåføren Daniel med innkjøp av bil og oppretting av eit safari-selskap, Flamingo Zone Tours & Safari. Eit rentefritt lån gav grunnlag for eit sjølvgåande selskap med to tilsette. Kirsten har i tillegg vore delaktig i drifta så langt. Ho fungerer både som pådrivar og mentor.

– Vi kommuniserer på engelsk via epost og skype og har det i grunn moro, smiler Kirsten. Ski videregående skole er involvert i ei marknadsundersøking for safari-selskapet. Både ekteparet og andre i prosjektet nyttar seg av Daniel sine transporttenester under opphalda i Kenya. Dermed er selskapet òg sikra ein viss kundekrets.

– Og vi betalar vanleg pris, legg Kirsten til.

Både Kirsten og Helge er i fullt arbeid her heime, og spør-

målet om korleis dei får tid til all oppfølginga pressar seg fram.

– Tida brukar vi så godt vi kan. Travelt, ja, men meningsfullt og moro.

Takksam

No i påskehelga er ein ny delegasjon reist til Kenya saman med Kirsten og Helge. Mellom dei er Ingunn og Tor Petter Karlsen frå Husnes. Med seg i bagasjen har dei pengar, klede, fotballdrakter og andre gaver, dessutan eit vake auge for kva meir som kan gjerast for å hjelpa. Annemor Røssland er denne gongen forhindra i å delta, men ho har lytta nøye til det Kirsten og Helge har fortalt til Kvinnheringen.

– Eg er imponert og svært takksam for alt som har kome ut av gåva frå meg for to år sidan. Dette er verkeleg spennande å følgja med på, seier Annemor.



BIOGASS FRÅ GRIS: Frå biogassanlegget i Mara, Tanzania. Her vert det fylt på meir grisemøk. Fv. rektor Peter, Kirsten Markhus Underland og misjonær Frank Vorhaug. (Privat foto).



FARGERIKT: Disse korgmakarane har levert mykje fint til ekteparet Underland og andre i hjelpekretsen. Korgene vert ofte lodda ut på basarar i Noreg til inntekt for prosjekta i Afrika. (Privat foto).